



# DEN NORSKE KYRKJA

Arna sokneråd

Kultur –og kyrkje departementet  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo

Indre Arna, 14.11.06

*dok 587*

Kultur- og Kirke-	
Ki	
Saksnr. 2006/09	21.11.06
Kode Ki-SD1	Del.

## NOU 2006: 2 Staten og den norske kyrkja – Høyring

Det vert vist til Dykkar brev dagsett 24.04.2006, ref. 2006/2706 Ki.

Arna Sokneråd behandla saka i møte den 26.oktober, sak 91/06, og gjorde **sammøystes** vedtak slik det går fram av utskrifta av møteboka nedanfor.

### UTSKRIFT AV MØTEBOK FOR ARNA SOKNERÅD

Arkivnr.  
010-06

Møtedato  
26.10.06

Saksnr.  
Sak 91/06

## Sak 91/06 Staten og Den norske kyrkja – høyringsfråsegn frå Arna sokneråd

### Overordna prinsipp som bør liggja til grunn for trus- og livssynspolitikken .

Stat – kyrkjeutvalet (Gjønnesutvalet) har kome med forslag til framtidig tilhøve mellom staten og Den norske kyrkja. Høyringsinstansane har gjennom utvalet sitt arbeid fått eit godt grunnlag for å kunna ta stilling til om statskyrkjeordninga skal først vidare, endrast eller avviklast.

Arna sokneråd meiner det er viktig at vi framleis har ei folkekyrkje som kan møte - og vera til for - menneske i alle livets situasjonar. Ei lovforankra folkekyrkje vil vera sjølvstendig, men likevel vera i ein tett dialog med staten. Gjennom eit formalisert tilhøve nedfelt i lovverket, vil staten aktivt kunna støtta folket sitt ønskje om å ha ei landsdekkande kyrkje. Denne kyrkja vil ha kyrkjebygg og kyrkjeleg tilsette, som kan gje kyrkjelege tenester og ha gudstenester der folk bur.

Arna sokneråd støttar såleis fleirtalet i Gjønnes-utvalget si tilråding om å endra tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja til å verta ei lovforankra folkekyrkje. Då vil det koma klart fram at Den norske kyrkja både er eit sjølvstendig trussamfunn og samstundes ei folkekyrkje som kan imøtekoma folket sitt ønskje om å ha ei kyrkje som er open for alle.

Arna sokneråd støttar også fleirtalet i utvalet si tilråding om at Den norske kyrkja vert eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan som har ansvar for alle saker som har med

kyrkja si tru og verksemd å gjera. Som ein følgje av dette, vil den lovforankra folkekyrkja sjølv velja biskopar og andre leiarar i kyrkja.

Det vil innebera at Grunnlova må endrast og statskyrkja avviklast.

Den norske kyrkja må framleis ha ei spesiell og direkte tilknytning til staten gjennom ei eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget.

Arna sokneråd sluttar seg til Gjønnesusvalget sitt framlegg om å fjerna § 2 i Grunnlova andre lekken, om den evangelisk-lutherske religion som statens offentlige religion. Men dette bør erstattast med ein ordlyd som slår fast kva for ein religion den lovforankra folkekirken skal tilhøyra. Soknerådet føreset at Den norske kyrkja vert ei landsdekkande evangelisk-luthersk kyrkje, enten ved ein eigen heimel i Grunnlova (jfr. Inge Lønning sitt forslag) eller ved at kyrkjelova får ei eiga forankring i Grunnlova.

### **Staten sitt verdigrunnlag.**

Staten sitt verdigrunnlag må koma klårt fram. Grunnlova må difor ha ein eigen verdiparagraf. Arna sokneråd støttar fleirtalet i Gjønnesusvalget, som foreslår følgjande verdiparagraf: "Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrunnlag"

### **Finansiering og organisering.**

Ein overordna religionspolitikk der staten aktivt støttar utøving av tru og deltaking i trus- og livssynssamfunn, vil innebera at staten også må ha eit økonomisk ansvar. Det er god tradisjon for dette i Noreg. Det vil sikra like økonomiske tilhøve for gudstenesteliv og kyrkjelege handlingar i heile landet.

Arna sokneråd støttar fleirtalet i Gjønnesusvalget i at dagens offentlege finansieringsordning vert ført vidare. Arna sokneråd kan ikkje tilrå at det vert innført ei ordning med friviljug medlemsavgift.

For det eine vil det naturleg nok vera ein del av medlemmane som ikkje betalar så lenge det er ei friviljug ordning, og for det andre vil ein del av dei som betalar, meina at når avgifta er betalt, har dei betalt sin del til kyrkja. Arna sokneråd vil tilrå at kyrkja sin generelle rett til å kalla friviljuge medarbeidarar til teneste og til å samla inn midlar, vert ført vidare og aller helst gjort betre enn i dag. Effekten av at alle medlemmane i kyrkja får høve til å delta utan at det er oppgitt noka fast medlemsavgift, vil etter Arna sokneråd si vurdering gje større inntekter enn ei utlikna friviljug medlemsavgift som ikkje vert betalt av alle.

### **Demokrati og valordningar**

Arna sokneråd meiner at ei ny kyrkjeordning bør styrkja soknet si stilling. Soknerådet ønskjer difor at fellestråda ikkje skal veljast ved direkte val. Dagens ordning der alle sokneråda er representerte i fellestrådet, sikrar på ein god måte den nære kontakten mellom sokneråd og fellestråd. Dagens valordning bør difor førast vidare uendra.

## **Kyrkjebygga.**

Arna sokneråd meiner at soknet framleis skal eiga kyrkjebygga, og det økonomiske ansvaret for vanleg vedlikehald og bygging av nye kyrkjer bør liggja hjå fellestrådet som får hovuddelen av budsjettmidlane sine frå kommunen. Dette er i samsvar med innarbeidd og velprøvd ordning i Noreg og understrekar soknet si stilling i høve til kyrkjebygga. Når det gjeld freda og verneverdige kyrkjebygg, stiller det seg annleis. I landet vårt utgjer kyrkjene ein vesentleg del av dei freda og verneverdige bygningane våre. Arna sokneråd støttar difor fleirtalet i Gjønnes-utvalet sitt forslag om at det må etablerast særlege statlege finansieringsordningar for freda og verneverdige kyrkjer.

## **Gravferdsforvaltninga.**

Gravferdsteinestene er, og må vera, eit offentlig ansvar. Gjennom de siste 10 åra har dei kyrkjelege fellestråda hatt primæransvar for gravferdsforvaltninga. Erfaringane viser at dette har vore ei god ordning. Også frå dei som har anna tru og livssyn enn kristendommen, har det kome gode tilbakemeldingar om at dei vert møtte på ein høvisk og respektfull måte. Med tilvising til erfaringane som Bergen kyrkjelege fellestråd har gjort, har Arna sokneråd tillit til at dei kyrkjelege fellestråda også i framtida vil kunne tilby gode gravferdsteinester til alle innbyggjarane. Den norske kyrkja bør difor framleis ha ansvaret for gravferdsteinestene. Namnet "kyrkjegard" er uansett ikkje noko god nemning på eit område som vert brukt til gravferdsføremål. Ordet "gravlund" kan vera betre, men det er ikkje alle stader gravplassen minner om ein "lund". Arna sokneråd vil difor peika på at nemninga gravplass eller gravstad (gravsted på bokmål) kan vera meir nøytralt og tenleg i daglegtale. Arna sokneråd vil rå til at ordet "kyrkje" (kirke) ikkje er med i namnet på området som vert brukt til gravferdsføremål.

## **Arbeidsgjevaransvar for kyrkjeleg tilsette**

I spørsmålet om framtidig organisasjonsstruktur og arbeidsgjevaransvar legg utvalet ikkje klare føringar. Arna sokneråd vil framheva at dagens ordning med delt arbeidsgjevaransvar for kyrkjeleg tilsette, er ei krevjande ordning sett i høve til dei nære samarbeidsrelasjonane som det skal vera mellom dei som arbeider innanfor dei kyrkjelege strukturane. Ein del av utfordringane ville verta borte dersom det i hovudsak vert *ein* arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette. Dette spørsmålet må difor avklarast uansett kva modell som vert vald for framtidig kyrkjeskippnad.

./ Utfylt spørjeskjema følger vedlagt.

Ingmar Ljones (s)  
Leiar

Jan Kåre Jakobsen (s)  
sokneprest

Benthe Vevele (s)  
menighetskonsult

Rett utskrift:

  
Benthe Vevele  
menighetskonsulent

# Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

*Sjå høyringsfråsegna*

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven *hjemlet i Grunnloven*
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift *sjå høyringsfråsegna*
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

*Sjå høyringsfråsegna*

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare